

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/9048-1

Forvaltningsrevisjon - Bestilling av prosjekt november 2018

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

- Bestilling av forvaltningsrevisjon – Tilpassa opplæring o g spesialundervisning
- Bestilling av forvaltningsrevisjon - Informasjonstryggleik

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 19. oktober 2018 rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020. Vedtaket var slik:

1. *Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 slik den ligg føre.*
2. *Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Utvalet kan også få gjennomført prosjekt som ikkje står i planen dersom dette er føremålstenleg i høve utvalet sitt mandat til å føre kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til fylkestinget i kontrollutvalet si årsmelding.*

Det første prosjektet i denne planen er *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*. Det andre prosjektet er *Informasjonstryggleik*. Etter dialog med kontrollutvalsleiar vart det klart at kontrollsjef skulle utarbeide ei saka der kontrollutvalet får velje mellom dei to første prosjekta i planen. Bakgrunnen for dette er at det er gjennomført fleire prosjekt innan opplæring den seinare tid, og at kontrollutvalet skulle få høve til å eventuelt velje eit anna prosjekt.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet må ta stilling til kva prosjekt som er ynskjeelg å gjennomføre, og så ta stilling til bestillinga av det aktuelle prosjekt. Det har ikkje vore tid til å diskutere bestillingane med revisor eller administrasjon.

Prosjektet Informasjonstryggleik er eit prosjekt som kan vere eit fellesprosjekt med Hordaland, og må i så fall koordinerast med utvalet der. Prosjektet er i planen deira med prioritet nr. 6.

Begge dei to prosjekta som ligg som alternativ i denne saka er prosjekt som fylkestinget har sagt skal gjennomførast, med prioritet nr. 1 og 2.

Det er viktig for framdrifta av gjennomføring at kontrollutvalet får vedteke ei bestilling i novembermøtet med fullmakt til kontrollutvalsleiar til å i samråd med kontrollsjef å godkjenne prosjektplan, slik at vi kan få gjennomført prosjektet slik at fylkestinget får det til handsaming 4. juni 2019. Kontrollutvalet må då få rapport til handsaming til møtet 28. mai (med atterhald om at kontrollutvalet vedtek å ha møte den dagen)